

NORSK KULTURRÅD

# Årsmelding 2009



NORSK  
KULTURRÅD

Copyright © 2010 by Norsk kulturråd  
All rights reserved

Grafisk produksjon: John Grieg AS, Bergen  
Omslagsdesign ved forlaget  
Framsidedeilete: Frå framsyninga *Arctic Voices*. Regi Bente Andersen – Samovarteateret. Foto Lene Stavå.  
Sideombrekking: Laboremus Sandefjord AS  
Redaksjon: Janne Stang Dahl og Mari Johansen

Sekretariatfunksjonen til Fond for lyd og bilete og Statens kunstnarstipend er administrativt tilknytt og samlokalisert med Norsk kulturråd.  
Fond for lyd og bilete og Statens kunstnarstipend har eigne styrande organ og gjev ut eigne årsmeldingar.

Norsk kulturråd  
Grev Wedels plass 1  
Postboks 101 Sentrum  
N-0102 Oslo  
Tlf: +47 22 47 83 30 Faks: +47 22 33 40 42 E-post: [post@kulturrad.no](mailto:post@kulturrad.no)  
[www.kulturrad.no](http://www.kulturrad.no)

# Innhold

Innleiing .....	5	<b>Tildelingar og innkjøp .....</b>	<b>29</b>
Kunsten i endring .....	6	Allmenne kulturformål .....	29
Råd og utval .....	7	Rom for kunst .....	30
Administrasjonen .....	15	Barne- og ungdomskultur .....	32
Informasjonsverksemd .....	17	Andre formål .....	37
Forsking og utvikling .....	19	Biletkunst og kunsthåndverk.....	39
Disponering av Kulturfondet .....	22	Musikk .....	49
Fylkesvise oversikter og fordelingar.....	24	Scenekunst.....	76
Administrasjonsutgifter .....	28	Litteratur .....	86
		Kulturvern .....	109
		Tverrfaglege saker .....	114
		<b>Allmenne kulturformål – post 74 .....</b>	<b>117</b>
		Faste scenekunstgrupper post 74.....	118
		<b>Tilskot frå EUs kulturprogram .....</b>	<b>119</b>



# Innleing

Norsk kulturråd vart oppretta i 1965 og har som hovudoppgåve å stimulere det profesjonelle kunstlivet, styrkje kulturvernet og gjere kunst- og kulturverdiar tilgjengelege for så mange som mogleg. Kulturrådet forvaltar Norsk kulturfond, er eit rådgjevande organ for staten i kulturspørsmål og tek initiativ til forsøks- og utgreiingsverksemd på kulturområde der det trengst ein ekstra innsats.

Stortinget løyver kvart år ein sum til Kulturfondet. I 2009 var fondet på 386,5 millionar kroner. Hovudfordelinga til fondet på ulike budsjettkapittel/fagområde blir fastsett gjennom budsjettvedtak i Stortinget. Kulturrådet fordeler midlane til fondet ut frå fagleg og kunstnarleg skjønn i samsvar med formåla til fondet. I hovudsak blir midlane fordelte på grunnlag av dei kring seks og eit halvt tusen søknadene som kjem inn kvart år, men òg på tiltak der rådet sjølv meiner at det trengst ein særskild innsats. Kulturrådet har dessutan delegert forvaltningsansvar for ein del faste kulturtiltak frå Kulturdepartementet.

Kulturrådet arbeider med desse fagområda: litteratur og tidsskrift, biletkunst og kunsthandverk, musikk, scenekunst, kulturvern, kulturbygg og barne- og ungdomskultur. I tillegg har Kulturrådet ei eiga forskings- og utviklingsavdeling og er nasjonalt kontaktpunkt for EUs kulturprogram. Kulturelt mangfald inngår som ein integrert del av verksemda til Kulturrådet, og søknader med ein mangfalddimensjon skal behandlast innanfor eksisterande rutinar og ordningar.

Rådsperioden frå 2005–2008 vart forlengd fram til juni 2009. Bakgrunnen for prolongeringa var Stortingets behandling av forslaget om at Kulturrådet skal ha 10 medlemmer oppnemnde av regjeringa, mot tidlegare 13 medlemmer, der ni vart oppnemnde av regjeringa – to av dei etter forslag frå KS – og fire oppnemnde direkte frå Stortinget. Den 26. juni oppnemnde Kongen i statsråd, etter framlegg frå Kulturdepartementet, det nye Kulturrådet. Rådet oppnemnde nye fagutval og underliggjande utval og ankenemnder i konstituerande møte 10. september 2009.

For 2009 var Kulturrådets strategi å arbeide for å styrkje mangfaldet av kunst- og kulturuttrykk i samtida og gjere kulturtradisjon og kulturvern tilgjengeleg for flest mogleg. Dette inneber å gjere breidda av profesjonell kunst og kultur meir synleg og arbeide for betre vilkår for kunstnarleg produksjon og formidling til eit stadig meir samansett publikum på nye visningsarenaer og møteplassar. Kvalitet, profesjonalitet og mangfald er sentrale verdiar i arbeidet til rådet. Tre hovudsatsingsområde er prioriterte for perioden:

- Utvikle rolla og rommet for kunsten i offentlegheita
- Styrkje produksjon, formidling og dokumentasjon av profesjonelle kunst- og kulturuttrykk i vår tid
- Heve kvaliteten på kunst og kultur for og blant barn og unge

# Kunsten i endring

2009 har vore eit historisk år for Norsk kulturråd. Oppnemningsprosess og samansetjing av rådet er endra, slik at regjeringa no oppnemner alle rådsmedlemene. Størsteparten av rådsmedlemene er no utøvande kunstnarar. Eit nytt råd på ti medlemmer vart oppnemnde frå 26. juni, og nye utval vart oppnemnde på det første møtet til rådet den 10. september.

Sjølv om 2009 har vore prega av organisatoriske endringar, har rådet heile vegen hatt fokus på hovudoppgåva vår – å forvalte Kulturfondet og stimulere til kunst- og kulturaktivitetar landet over. I dette arbeidet er det heilt sentralt å kunne møte kulturelle endringar i samfunnet, og kvalitetssikre det som er nytt. Vilkåra må betrast for kunstnarleg produksjon og formidling i forhold til eit stadig meir samansett publikum på nye visingsarenaer og møteplassar.

Dei siste åra har vi fått ein stor auke i dei offentlege løyvingane til kultur. Kulturfondet har auka frå 264 millionar kroner i 2005 til 386,5 millionar i 2009 – det vil seie ein auke på heile 46 %. Den samla søknadssummen til Kulturfondet har auka tilsvarende – frå 700 millionar kroner til over ein milliard i 2009. I gjennomsnitt får ca 28 % av omsøkt beløp løyving frå Kulturfondet. Av om lag 6 600 innsendte søknader har 2 900 tiltak fått tilskot. Tala talar tydeleg: Det er eit stort behov der ute!

Norsk kulturråd har eit særskilt ansvar for det som er nytt i norsk kulturliv. Dette kjem til uttrykk på høgst ulike måtar. Det som kanskje særleg fangar merksemda, er det uføreseielege i kunsten. Å ha ansvar for det nye tyder at vi må arbeide på måtar som set oss i stand til å få auge på framtida. Kulturfeltet tørstar etter kunnskap. Innsatsen Kulturrådet gjer for å framskaffe forskingsbasert kunnskap, er eit viktig ledd i dette arbeidet. I 2006 tok Norsk kulturråd initiativ til eit tre-årig forskingsprosjekt om lokalt kulturliv i endring. Forskningsprosjektet vart avslutta i 2009, og vart markert med bokutgjeving og som tema for årskonferansen *Lokalt kulturliv i endring* i Arendal Kulturhus.

På feltet barn og unge vart det satsa spesielt på Kunstløftet i 2009. På scenekunstormrådet vart det

lagt vekt på å stimulere til auka utforsking, mangfald og tverrfaglegheit. Biletkunstfeltet diskuterte mellom anna samarbeid mellom det institusjonaliserte og det frie kunstfeltet, og det var ein interessant offentlig debatt om kunst og teori. Nye tilskotsordningar for musikarar og arrangørar innan rytmisk musikk og fleire bestillingsverk og utviklingsmidlar til komponistar og musikarar var nokre av satsingane på musikkområdet. Rom for kunst prioriterte tverrfaglege arenaer spesielt, og satsa særleg på å fremje gode arenaer ut frå eit interkulturelt perspektiv. På litteraturområdet vart tema som e-bøker, sakprosaordninga og ei styrking av programmet for innkjøp av omsett litteratur frå dei største innvandrarspråka tematiserte. 2009 var dessutan det nasjonale kulturminneåret, og tilskot til prosjekt som tematiserte kulturminne frå samtida, vart auka.

Kulturlivet har dei siste åra vore gjennom store endringsprosessar. Mykje tyder på at desse endringane er med på å opne kulturlivet mot nye publikumsgrupper. Kultur vert brukt på nye måtar i samfunnsutviklinga, og formidlingssituasjonen har endra seg radikalt. Kunsten har for lenge sidan flytta seg ut av kunstgalleri og konsertsalar ut til ei heil rekkje nye arenaer og lokalitetar. Vi står med andre ord overfor ein ny formidlingssituasjon der grensene mellom kunsten og omgjevnadane stadig blir brotne opp og utfordra. For publikum byr denne situasjonen på noko nytt. Kunsttilbodet har auka radikalt på stader der det tidlegare ikkje var denne typen tilbod. Fleire menneske har tilgang til eit auka mangfald av kunstrøynsle i nærmiljøet sitt. Betyr dette at fleire publikumsgrupper opplever kunst og kultur som relevant og aktuelt for sine liv? Og korleis verkar dette inn på formidlinga av kunsten? Kunsten treng publikum like mykje som publikum treng kunsten.



Bentein Baardson, rådsleiar

# Råd og utval

I juni 2009 vart reglane for oppnemning og samansetjing av Norsk kulturråd (St.prp. nr. 65) endra.

Rådet som vart oppnemnt frå 2005–2008, vart prolongert fram til 31. juni, og nytt råd med ny samansetjing vart oppnemnt frå 1. juli 2009.

Endringa inneber at regjeringa skal oppnemne alle Kulturrådets medlemmer, og den tidlegare ordninga der Stortinget oppnemnde 4 medlemmer og KS hadde forslagsrett for 2 medlemmer, er oppheva.

Talet på medlemmer vart redusert frå 13 til 10, med 4 numeriske varamedlemmer, og oppnemninga er gjort rullerande slik at halvparten av medlemmene blir valde annakvart år.

## Norsk kulturråds medlemmer og varamedlemmer første halvår 2009

Medlemmer oppnemnde av regjeringa::



Vigdis Moe  
Skarstein



Ivar Roger  
Hansen



Ottar  
Grepstad



Bentein  
Baardson



Per Kvist



Torunn Herje



Aslaug  
Juliussen

Leiar: Vigdis Moe Skarstein, nasjonalbibliotekar,  
Oslo

Nestleiar: Ivar Roger Hansen, museumsdirektør,  
Alstadhaug

Ottar Grepstad, direktør, Volda

Bentein Baardson, frilans teaterinstruktør, Oslo

Per Kvist, kunsthistorikar, Bergen

Torunn Herje, direktør, Rørvik

Aslaug Juliussen, tekstilkunstnar, Karasjok

### Varamedlemmer:

Arild Bergstrøm, biletkunstnar, Fjaler

Cecilie Løveid, forfattar, København

Anne Grete Eriksen, professor, Oslo

Frode Sannum, rådgjevar, Lillehammer

Vegar Snøfugl, dagleg leiar, Trondheim

### Medlemmer oppnemnde av Stortinget:



Aina Holst



Knut Haavik



Theo Koritzinsky



Hallgrim Berg

Aina Holst, geograf, Trondheim

Knut Haavik, ansvarleg utgjevar, Oslo

Theo Koritzinsky, førsteamanuensis, Oslo

Hallgrim Berg, kulturist, Ål i Hallingdal

### Varamedlemmer:

Leif Værum Larsen, høyskolelektor, Stavanger

Kjellaug Nakkim, tidl. stortingsrepresentant, Moss

Kristin Aase, dagleg leiar, Oslo

Lars Lauvhjell, ordførar, Sønedeled

## Medlemmer oppnemnde etter forslag frå KS:



Aud Folkestad



Liv Sandven

Aud Folkestad, rektor, Stranda  
Liv Sandven, rektor, Trondheim

## Varamedlemmer:

Linda Beate Randal, konsulent, Kirkenes  
Oddleiv Olavsens, fylkespolitikar, Bodø

## Arbeidsutvalet:

Vigdis Moe Skarstein  
Ivar Roger Hansen  
Bentein Baardson  
Theo Koritzinsky  
Liv Sandven

## Møter i rådet og arbeidsutvalet

Rådet hadde tre møte og arbeidsutvalet hadde to møte t.o.m. juni 2009.

## Utval oppnemnde av rådet

Kulturrådet har faste, faglege utval som førebur saker og gjev tilrådingar i behandlinga av søknader om tilskot, lagar utkast til fråsegner, m.m. Utvala er delegert vedtaksrett i fråsegner og tildelingar etter egne reglar. I tillegg har rådet mellombelse utval til ulike utgreiingar, prosjekt og forskøk.

## Allmenne kulturformål

### Fagleg utval for barne- og ungdomskultur:

Aud Folkestad (leiar), lektor, Stranda  
Alfhild Skaardal (nestleiar), kultursjef, Skien  
Leif Hernes, koreograf, professor i drama ved Høgskolen i Oslo  
Juan Brito Vargas, biletkunstnar, Oslo  
Lars Ove Seljestad, forfattar og sosiolog, universitetslektor ved Universitetet i Bergen  
Svein Spjelkavik, leiar i Rock mot rus, Andenes

### Underutvalet for barne- og ungdomsblad:

Anne Birgitte Rønning, Oslo  
Lars Ove Seljestad, Bergen

## Forsknings- og utviklingsutvalet:

Pål Repstad (leiar), professor ved Universitetet i Agder, Kristiansand  
Knut Kalgraff Skjåk (nestleiar), avdelingsdirektør ved Norsk samfunnsvitskapleg datateneste, Bergen  
Theo Koritzinsky, førsteamanuensis ved Høgskolen i Oslo, Oslo  
Odd Are Berkaak, professor ved Universitetet i Oslo, Oslo  
Solbjørg Rauset, seniorrådgjevar i Noregs forskingsråd, Oslo  
Sigrid Køhn (observatør frå Kulturdepartementet)

## Biletkunst og kunsthandverk

### Fagleg utval for biletkunst og kunsthandverk:

Per Kvist (leiar), kunsthistorikar, Bergen  
Marit Paasche (nestleiar), kurator og kunstkritikar, Oslo  
Ellen Røed, biletkunstnar, Bergen  
Jeannette Christensen, biletkunstnar, Oslo  
Per Formo, biletkunstnar, Trondheim  
Alexander Grüner, kunsthandverkar, Akershus

### Underutvalet for kunst og ny teknologi:

Ellen Røed (leiar), biletkunstnar, Bergen  
Kristin Bergaust, biletkunstnar, Akershus  
Bjarne Kvinnsland, komponist, Akershus

### Tildelingskomiteen for utstillingsstipend:

Tom-Erik Lønnerød, Norske Kunstforeninger, Skien  
vara: Andreas Rishovd, Norske Kunstforeninger, Porsgrunn  
Anne Szefer Karlsen, Forbundet Frie Fotografer, Bergen  
vara: Verena Winkelmann, Forbundet Frie Fotografer, Oslo  
Ansgar Ole Olsen, Norske Kunsthåndverkere, Kolbu  
vara: Tone Merete Hellerud, Norske Kunsthåndverkere, Stange  
Vibeke Slyngstad, Norske Billedkunstnere, Oslo  
vara: Jørgen Larsson, Norske Billedkunstnere, Laksevåg



## Musikk

### Fagleg utval for musikk:

Ivar Roger Hansen (leiar), direktør Alstahaug Museum, Sandnessjøen  
Hilde Bjørkum (nestleiar), dagleg leiar Førde Internasjonale Folkemusikkfestival, Førde  
Vegar Snøfugl, musikk, dagleg leiar Trondheim Kammermusikkfestival, Trondheim  
Jon Skjerdal, dagleg leiar Nattjazz, Bergen  
Cecilie Ore, komponist, Oslo  
Hallgrim Berg, kulturist, Ål

### Innkjøpsordninga for fonogram:

Liv Sandven (leiar), lektor, Trondheim  
Tore Johansen, musikk, Bodø  
Marit Karlsen, musikkjournalist, dagleg leiar av plateselskap, Oslo  
Lene Grenager, komponist, musikk, Oslo  
Hallgrim Berg, kulturist, Ål

### Utvalet for musikkfestivalar:

Morten Mølster (leiar), musikk, marknadsfører, Stavanger  
Håkon Berge, komponist, Akershus, gjenoppnemnd  
Ulla-Stina Wiland, dagleg leiar Nordnorsk Jazzsenter, Bodø  
Mikal Telle, manager, dagleg leiar av plateselskap, Bergen  
Helene Høye, psykolog, musikk, Oslo

### Utvalet for kyrkjemusikk:

Gro Bergrabb, organist, dirigent, musikk, Bodø  
Ragnar Rasmussen, førsteamanuensis i kordireksjon, UiT, Tromsø  
Harald Rise, professor i musikk, NTNU, Trondheim  
vara: Harald Herresthal, professor Noregs musikkhøgskole, Oslo

### Utvalet for rytmisk musikk:

Frank Nes, leiar, dagleg leiar i Bergen Live, Bergen  
Tone Åse, vokalutøvar, Trondheim  
Malika Makouf Rasmussen, komponist, musikk og musikkprodusent, Oslo  
Tellef Kvifte, folkemusikk og professor ved Universitetet i Oslo, Oslo  
Stein Bjelland, dagleg leiar i Great Moments, Stavanger

## Scenekunst

### Fagleg utval for scenekunst:

Bentein Baardson, (leiar), frilans teaterinstruktør, Oslo  
Ola Beskow, sceneinstruktør og prosjektleiar for nytt kulturhus i Lørenskog kommune, Oslo  
Anne-Britt Gran, førsteamanuensis BI, Oslo  
Therese Bjørneboe, kritikar og tidsskriftredaktør, Oslo/Berlin  
Preben Faye-Schjøll, leiar av Figurteatret i Nordland, Stamsund  
Per Roar, koreograf, stipendiat Kunsthøgskolen i Oslo, Oslo

### Fagleg utval for dans:

Per Roar, koreograf, stipendiat Kunsthøgskolen i Oslo, Oslo  
Ingunn Rimestad, høgskolelektor i dans, Oslo  
Melanie Fieldseth, danseskritikar, teatervitar, Bergen

### Underutvalet for dramatikk og annen scenetekst:

Finn Iunker, dramatikk, Oslo  
Tale Næss Lysestøl, forfattar/dramatikk, Trondheim  
Lene Therese Teigen, teatervitar, dramaturg, regissør/dramatikk, Oslo

## Litteratur

### Fagleg utval for litteratur:

Ottar Grepstad (leiar), direktør for Nynorsk kultursentrum, Volda  
Knut Haavik (nestleiar), ansvarleg utgjevar, Oslo  
Morten Harry Olsen, forfattar, Oslo  
John Brumo, førsteamanuensis, Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet, Trondheim  
Tone Selboe, professor, Universitetet i Oslo  
He Dong, forfattar, Oslo  
Anne Schäffer, kunst- og litteraturkritikar / frilansjournalist, Drøbak

Ein representant for ABM-utvikling møter som observatør.

### Vurderingsutvalet for prosa:

Anne Karin Torheim  
vara: Atle Næss  
Tonje Vold  
vara: Thor Arne Sæterholen  
Knut Oterholm  
vara: Kirsti Opstad

**Vurderingsutvalet for lyrikk:**

Kristine Næss  
vara: Hanne Bramness  
Marit Grøtta  
vara: Frode Helmich Pedersen  
Lisbet Pettersen Wærp  
vara: Ole Karlsen

**Vurderingsutvalet for dramatikk i bokform:**

Gunnar Germundson  
vara: Erling Kittelsen  
IdaLou Larsen  
vara: Amund Grimstad  
Frode Helland  
vara: Unni Langås  
Alf Kjetil Wåglermo

**Vurderingsutvalet for barne- og ungdomslitteratur:**

Tor Fretheim  
vara: Marianne Viermyr  
Tonje Helene Farset Eliassen  
vara: Stig Furset  
Jonas Bakken  
vara: Andrine Pollen

**Vurderingsutvalet for sakprosa:**

Dag Gjestland  
vara: Norunn Askeland  
Sissel Margrethe Høisæter  
vara: Kjell Lars Berge  
Sindre Hovdenakk  
vara: Camilla Stoltenberg  
Eline Blom Poulsson  
vara: Morten Haugen

**Utvalet for periodiske publikasjoner:**

Helge Rønning, leiar  
Audhild Gregoriusdotter Rotevatn  
Eirik Vassenden  
vara: Kathrine Aspaas

**Vurderingsutvalet for omsett skjønnlitteratur:**

Ingrid Haug  
vara: Christian Rugstad  
Stian Bjørnsson Hope  
vara: Mette Helland Jahr  
Ingvild Folkvord  
vara: Arnhild Skre

**Vurderingsutvalet for faglitteratur for barn og unge:**

Eve-Marie Lund  
vara: Bjørn Arild Ersland  
Inger Østenstad  
Åshild Irgens  
vara: Tor Edvin Strøm

**Ankenemnder****Ankenemnda for skjønnlitteratur:**

Heming Gujord, leiar  
Trude Marstein  
Arne Olav Hageberg  
Asle Aasen Gundersen  
Dina Roll Hansen

**Ankenemnda for skjønnlitteratur for barn og ungdom:**

Kristin Ørjasæter, leiar  
Nina Goga  
Elin Dahl  
Trond Haugen  
Per Knutsen

**Ankenemnda for dramatikk i bokform:**

Leif Høghaug, leiar  
Petter Rosenlund  
Elin Høyland  
Ingrid Dokka

**Kulturvern****Fagleg utval for kulturvern:**

Aina Holst (leiar), geograf, Trondheim  
Roger Erlandsen, direktør ved Akershus fylkesmuseum, Akershus  
Astri Fremmerlid, leiar ved Perspektivet Museum, Tromsø  
Kjersti Schanche, leiar ved Varanger Samiske Museum, Varangerbotn  
Jo van der Eynden, kulturvernkonsulent Vest-Agder fylkeskommune, Kristiansand  
Arnfinn Engen, historikar, Lillehammer

## Norsk kulturråds medlemmer og varamedlemmer andre halvår 2009



Bentein Baardson



Asta Busingye Lydersen



Aslaug Juliussen



Vegar Snøfugl



Arnfinn Bjerkestrand



Ivar Roger Hansen



Ottar Grepstad



Ingrid Lorentzen



Solveig Øvstebø



Erik Fosnes Hansen

Leiar: Bentein Baardson, teaterregissør, Oslo

Nestleiar: Asta Busingye Lydersen, artist, Oslo

Aslaug Juliussen, tekstilkunstnar, Karasjok

Vegar Snøfugl, dagleg leiar, Trondheim

Arnfinn Bjerkestrand, musikal, Oslo

Ivar Roger Hansen, museumsdirektør, Alstadhaug

Ottar Grepstad, direktør, Volda

Ingrid Lorentzen, dansar, Oslo

Solveig Øvstebø, museumsdirektør, Bergen

Erik Fosnes Hansen, forfattar, Oslo

### Varamedlemmer:

Frøydis Moberg, artist, Bergen

Corinne Lyche Campos, dansepædagog, Oslo

Eivind Falk, dagleg leiar, Lillehammer

Harald Solberg, kunsthåndverkar, Lillesand

### Arbeidsutvalet:

Bentein Baardson, Asta Busingye Lydersen og Arnfinn Bjerkestrand

### Møte i rådet og arbeidsutvalet

Rådet hadde tre møte og arbeidsutvalet hadde eitt møte i andre halvår 2009.

### Utval oppnemnde av rådet

#### Allmenne kulturformål

##### Fagleg utval for barne- og ungdomskultur:

Torbjørn Gabrielsen (leiar), regissør, leiar av Teater NOR og Stamsund internasjonale teaterfestival, Stamsund

Helene Illeris, forskar, lektor i biletkunst og visuell kultur ved Danmarks Pædagogiske Universitet og professor II ved Høgskolen i Telemark, Aarhus

Juan Brito Vargas, biletkunstnar, Oslo

Nasra Ali Omar, komponist og slagverkar, Oslo

Anne Meek, sceneinstruktør, Sandnessjøen

### Underutvalet for vurdering av barne- og ungdomsblad:

Anne Birgitte Rønning, førsteamanuensis i allmenn litteratur ved Universitetet i Oslo, Oslo

Torbjørn Gabrielsen, regissør, leiar av Teater NOR og Stamsund internasjonale teaterfestival, Stamsund

### Forsknings- og utviklingsutvalet:

Dorte Skot Hansen, senterleiar ved Danmarks Biblioteksskole, København

Helge Jordheim, fagleg leiar for forskningsprogrammet KULTRANS ved Universitetet i Oslo, Oslo

Knut Kalgraff Skjåk, avdelingsdirektør ved Norsk samfunnsvitskapleg datateneste, Bergen

Odd Are Berkaak, professor ved Universitetet i Oslo, Oslo (oppnemnd av Norges forskingsråd)

Solbjørg Rauset, seniorrådgjevar i Noregs forskingsråd, Oslo

Gunhild Strand Molle (observatør frå Kulturdepartementet)

## **Biletkunst og kunsthåndverk**

### **Fagleg utval for biletkunst og kunsthåndverk:**

Aslaug Juliussen (leiar), biletkunstnar og kunsthåndverkar, medlem av Norsk kulturråd, Tromsø

Jana Winderen, biletkunstnar/lydkunstnar, Oslo

Mayra Elena Henriquez, kunsthistorikar, Bergen

Vegar Moen, fotograf, Røros/Skåne

Samir M'kadmi, biletkunstnar og kurator, Ås

### **Underutvalet for kunst og ny teknologi:**

Jana Winderen (leiar), biletkunstnar/lydkunstnar, Oslo

Øyvind Brandtsegg, komponist og musikal, Inderøy

Marius Watz, nettkunstnar, Oslo/New York

## **Musikk**

### **Utvalet for musikkproduksjon og andre**

#### **musikktiltak:**

Vegar Snøfugl (leiar), leiar av Trondheim Kammermusikkfestival og medlem Norsk kulturråd, Trondheim

Jon Skjerdal, leiar for Nattjazz i Bergen, Bergen

Hild Borchgrevink, musikkvitar, produsent og skribent, tidlegare dagleg leiar av Ny Musikk, Oslo

Anne Hytta, hardingfelespelar, utdanning i musikk og journalistikk, Oslo

Mar Gueye, leiar i organisasjonen Samspill, tidlegare leiar av Union Scene, Drammen

### **Utvalet for musikkfestivalar:**

Arnfinn Bjerkestrand (leiar), styreleiar av Musikkutstyrsordninga, styreleiar Alarmprisen og styreleiar Rockcity, medlem i Norsk kulturråd, Oslo

Nils Henrik Asheim, utdanna organist og komponist, Stavanger

Helene Høye, psykolog og folkemusikal, Nesodden

Martin Revheim, direktør Musikkinformasjonssenteret, Oslo

Christina Henriksen, urfolksrådgjevar i Barentssekretariatet, Kirkenes

### **Utvalet for rytmisk musikk:**

Monica Larsson (leiar), informasjonsrådgjevar Likestillings- og diskrimineringsombodet, medlem av styret for Øyafestivalen og styret for Cultiva-stiftelsen, Oslo

Tone Åse, vokalutøvar, Trondheim

Malika Makouf Rasmussen, komponist, musikal og musikkprodusent, styreverv i bl.a. Rikskonserterne og leiar av Global Oslo Music, Oslo

Tellef Kvifte, folkemusikal (fløyte, sjøfløyte, sekkepipe, saksofon) og professor ved Universitetet i Oslo, Oslo

Stein Bjelland, president i produksjon og managementselskapet Great Moments, Stavanger

### **Utvalet for kyrkjemusikk:**

Gro Bergrabb (leiar), organist og dirigent, domkantor II i Bodø domkirke og dirigent for Bodø Domkirkes Ungdomskor, Bodø

Henning Sommerro, komponist, musikal og musikkpedagog, førsteamanuensis ved Institutt for musikk ved NTNU, Trondheim

Henrik Ødegaard, komponist, organist og kordirigent, Sauherad

### **Utvalet for innkjøpsordninga for musikk:**

Lars Petter Hagen (leiar), komponist og direktør for Ultimafestivalen, Oslo

Frøy Aagre, saksofonist og komponist, Bærum

Odd Nordstoga, musikal, songar og komponist, Oslo

Siren Sten, avdelingsleiar Bergen Offentlige Bibliotek, Bergen

Toffen Gunnufsen, bookingsansvarleg, Hovefestivalen, Lillesand

## **Litteratur**

### **Fagleg utval for litteratur og allmenne tidsskrift:**

Ottar Grepstad (leiar), direktør for Ivar Aasen-tunet og medlem i Norsk kulturråd, Volda

Erik Fosnes Hansen (nestleiar), forfattar og medlem i Norsk kulturråd, Oslo

Morten Harry Olsen, forfattar, Oslo

Anne Schäffer, kunst- og litteraturkritikal / frilansjournalist, Drøbak

Lisbeth Wærp, professor i nordisk litteratur ved Universitetet i Tromsø, Tromsø

Torhild Viken, ansvarleg seniorredaktør i De norske Bokklubbene, Oslo

Ein representant for ABM-utvikling møter som observatør.

**Vurderingsutvalet for prosa:**

Anne Karin Torheim  
vara: Atle Næss  
Tonje Vold  
vara: Thor Arne Sæterholen  
Knut Oterholm  
vara: Kirsti Opstad

**Vurderingsutvalet for lyrikk:**

Kristine Næss  
vara: Hanne Bramness  
Marit Grøtta  
vara: Frode Helmich Pedersen  
Ole Karlsen  
vara: Thorstein Norheim

**Vurderingsutvalet for dramatikk i bokform:**

Gunnar Germundson  
vara: Erling Kittelsen  
IdaLou Larsen  
vara: Amund Grimstad  
Frode Helland  
vara: Unni Langås  
Alf Kjetil Walgermo

**Vurderingsutvalet for sakprosa:**

Dag Gjestland  
vara: Norunn Askeland  
Sissel Margrethe Høisæter  
vara: Kjell Lars Berge  
Sindre Hovdenakk  
vara: Camilla Stoltenberg  
Eline Blom Poulsson  
vara: Morten Haugen

**Vurderingsutvalet for barne- og ungdomslitteratur:**

Tor Fretheim  
vara: Marianne Viermyr  
Tonje Helene Farset Eliassen  
vara: Stig Furset  
Jonas Bakken  
vara: Andrine Pollen

**Vurderingsutvalet for fagbøker for barn og ungdom:**

Åshild Irgens  
Tor Edvin Strøm  
Eve-Marie Lund  
Bjørn Arild Ersland  
Inger Østenstad

**Vurderingsutvalet for omsett skjønnlitteratur:**

Ingrid Haug  
vara: Christian Rugstad  
Stian Bjørnsson Hope  
vara: Mette Helland Jahr  
Ingvild Folkvord  
vara: Arnhild Skre

**Vurderingsutvalet for biletbøker – barn og unge:**

Anne Schäffer  
Trude Tjensvold  
Lasse Kolsrud  
Tania Kjeldset

**Vurderingsutvalet for teikneseriar:**

Morten Harry Olsen  
Eirik Ildahl  
Arild Midttun

**Utval for periodiske publikasjonar:**

Helge Rønning  
Audhild Gregoriusdotter Rotevatn  
Eirik Vassenden  
vara: Cathrine Aspaas

**Ankenemnder****Ankenemnda for skjønnlitteratur:**

Heming Gujord, leiar  
Trude Marstein  
Arne Olav Hageberg  
Asle Aasen Gundersen  
Dina Roll Hansen

**Ankenemnda for skjønnlitteratur for barn og ungdom:**

Kristin Ørjasæter, leiar  
Nina Goga  
Elin Dahl  
Trond Haugen  
Per Knutsen

**Ankenemnda for dramatikk i bokform:**

Leif Høgghaug, leiar  
Petter Rosenlund  
Elin Høyland  
Ingrid Dokka

## Scenekunst

### Fagleg utval for scenekunst:

Asta Lydersen (leiar), scenekunstnar og medlem av revygruppa Queendom, nestleiar Norsk kulturråd, Oslo

Cecilie Lindemann Steen, dansar og produsent, informasjonsansvarleg i dansekompaniet zero visibility corps., Bærum

Tale Næss, forfattar og dramatikar, Trondheim

Ola Beskow, sceneinstruktør og prosjektleiar for nytt kulturhus i Lørenskog kommune, Oslo

Hallfrid Velure, høgskolelektor ved Høgskolen i Lillehammer og frilansregissør, Lillehammer

### Fagleg utval for dans:

Cecilie Lindemann Steen (leiar), dansar og produsent, informasjonsansvarleg i dansekompaniet zero visibility corp., Bærum

Ingrid Lorentzen, dansar ved Den Norske Opera og Ballett, Oslo

Torkel Rønold Bråthen, dansar med erfaring i prosjektleiing, Oslo

### Underutvalet for scenetekst:

Tale Næss (leiar), forfattar og dramatikar, Trondheim

Kim Atle Hansen, dramatikar og skodespelar, Oslo

## Kulturvern

### Fagleg utval for kulturvern:

Ivar Roger Hansen (leiar), dagleg leiar av Petter Dass-museet på Alstadhaug, medlem av Norsk kulturråd

Roger Erlandsen, direktør ved Akershusmuseet, Lillestrøm

Anne Britt Ylvisåker, førstekonservator og avdelingsleiar for samlingar og utstillingar ved Vestlandske Kunstindustrimuseum, Bergen

Michelle Tisdal, forskingsbibliotekar ved Nasjonalbiblioteket, Oslo

Jon Ove Steihaug, kritikar, skribent og kurator, Oslo

# Administrasjonen

## Leiinga

Bull, Ole Jacob: Direktør  
Skjeldal, Guri: Assisterende direktør  
Fortun, Unni: Avdelingsdirektør


## Administrasjonen

Ask, Jan Erik: Kontorleiar, resepsjon  
Aslaksen, Ellen: Forsking og utgreiing, seksjonsleiar  
Bakke, Tove: Litteratur (permisjon), rådgjevar  
Bjerke, Astrid: EUs kulturprogram, rådgjevar  
Bjørgan, Ingeborg Kværne: Musikk, rådgjevar (permisjon)  
Bjørknes, Trond: Musikk, rådgjevar  
Bollingmo, Velaug: Scenekunst og Biletkunst (til 15.06), engasjement  
Braaten, Maja: Arkiv, førstekonsulent  
Bærøe, Birgit: Fleirfagleg, seksjonsleiar  
Dahl, Janne, Stang: Informasjonssjef  
Elster, Arnhild Brevik: Statens Kunstnarstipend/  
Norsk kulturråd, konsulent  
Engelsen, Rolf: Kunstløftet, prosjektleiar  
Erøy, Jone: Statens kunstnarstipend, førstekonsulent  
Fieldseth, Melanie (vikar): Scenekunstkonsulent (frå 01.09)  
Finness, Mari: Litteratur, seksjonsleiar  
Færøvig, Sjur H.: Musikk, seksjonsleiar  
Gundersen, Oddlaug: Rekneskap, seniorkonsulent  
Halstvedt, Wenche: Rekneskap, seksjonsleiar  
Hansen, Elisabeth Egseth: Scenekunstkonsulent (permisjon frå 07.09.)  
Hansen, Grethe Wallin: Arkiv, førstekonsulent  
Henriksen, Dag Sverre: Arkiv, seksjonsleiar (slutta 02.06.)  
Hervik, Ranveig S (vikar): Musikk, førstekonsulent (permisjon)  
Høgset, Cathrine N.: Fleirfagleg – Barn og unge, rådgjevar  
Indahl, Grete: Scenekunst, seksjonsleiar (permisjon frå 17.05)  
Johansen, Mari: Informasjon, rådgjevar  
Jonassen, Trond: IT, seksjonsleiar (slutta 10.11.)  
Kalvatn, Stig Johan: Fleirfagleg – Kulturvern, rådgjevar  
Kemi, Mona: Statens kunstnarstipend, konsulent (slutta 15.06.)  
Komissar, Mariann: Fleirfagleg – Barn og unge og andre formål, rådgjevar  
Krok, Karin: Fond for lyd og bilete, seniorkonsulent  
Kumar, Sathees: IT, rådgjevar  
Larsen, Guro: Kontor, førstesekretær  
Liland, Anne Marie: Statens kunstnarstipend, seksjonsleiar  
Lippe, Preben von der: Musikk, rådgjevar  
Lyngø, Inger Johanne (vikar): Kulturvern til 04.12  
Meier, Kari: Rekneskap, seniorkonsulent  
Moe, Øystein: Arkiv, førstekonsulent (frå 03.08)  
Næss, Hilde Lea (vikar): Musikk, rådgjevar  
Næss, Lasse: Arkiv, førstekonsulent (slutta 01.08)  
Olsen, Hans Henrik: Fleirfagleg – Biletkunst, rådgjevar  
Richenberg, Ole: Fond for lyd og bilete, seniorkonsulent  
Rønning, Mette (vikar): Scenekunst, rådgjevar (frå 10.08)  
Røyseng, Sigrid: Forsking og utgreiing, rådgjevar  
Sannæss, Borghild: Personalsjef  
Simonsen, Mie Berg: Forsking og utgreiing, engasjement  
Smith, Richard: Statens kunstnarstipend, førstekonsulent  
Solbu, Birgitte: Fleirfagleg – Rom for kunst, rådgjevar  
Stenseng, Hilde (vikar): Musikk, førstekonsulent (frå 17.02)

Stensrud, Mona: Statens kunstnarstipend, første-konsulent  
 Sunde, Heidi Nesttun: Informasjon (permisjon)  
 Svarva, Yrjan: Scenekunst, rådgjevar  
 Sørensen, Line Fallan (vikar): Litteratur, rådgjevar  
 Sørnes, Hilde: Musikk, rådgjevar

Tveitan, Ragnhild Vreim (vikar): Musikk, første-konsulent  
 Vaaler, Bjørn Vidar: Rekneskap, førstekonsulent  
 Vestbø, Arne: Litteratur, rådgjevar  
 Wister, Tom Ivar: IT, rådgjevar  
 Øen, Karl Gunnar: Fleirfagleg – Biletkunst, rådgjevar

## Organisasjonskart



\* Billedkunst og kunsthåndverk, Rom for kunst, Barne- og ungdomskultur og Andre formål



# Informasjonsverksemd

I 2009 har Kulturrådet konstatert fleire utviklings-trekk som spenner over heile ansvarsområdet til rådet. Produksjons- og formidlingsformer så vel som sjangerdefinisjonar og kunstformer er i endring. Internasjonaliseringa og nye produksjons- og samarbeidsformer blant eit mangfald av aktørar og institusjonar reiser mange interessante spørsmål i forhold til organisering av kunstfeltet. For Kulturrådet er det viktig å ha openheit, fagleg kompetanse og tilskotsorganisering som kan møte endringar innanfor kunstfeltet.

Det blir lagt vekt på at informasjonen om verksemda til Kulturrådet heile tida er tilgjengeleg, òg fordi det er viktig å stimulere til offentleg kritikk av og debatt kring avgjerdene som blir tekne. Utviklinga av kunstens plass i ålmenta er eitt av hovudsatsingsområda til rådet. Det inneber blant anna ei erkjenning av den viktige rolla til kunstkritikken og trongen for eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag for innsikt og ein informert offentleg debatt om kunst og kultur.

Gjennom forskingsbaserte utgreiingar og evalueringar, nyheitsbrev, nettsider, rapportar og seminar bidreg Kulturrådet til eit slikt kunnskapsgrunnlag og ein open diskusjon.

## **Kulturrådets skriftserie: Utgreiingar og evalueringar**

Det vart utgjeve fire rapportar i 2009 (sjå s 21). Kulturrådets skriftserie blir lagt ut for sal i bokhandelen, og blir òg brukt som pensumlitteratur ved fleire universitet og høgskolar. Alle publikasjonar i 2009 er gjevne ut av Fagbokforlaget. Publikasjonane er tilgjengelege både i trykt form og som filer som kan lastast ned frå nettsidene til Kulturrådet.

## **Nyheitsbrev**

Kulturrådet har gjeve ut fem elektroniske nyheitsbrev i 2009. Nyheitsbrevta presenterer aktuelle saker til ålmenta: artiklar om tiltak som har fått tilskot, nye rapportar, pressemeldingar, seminar og aktuelle nyheitssaker frå Kulturrådet. Talet på abonnentar var om lag 2 250. Nyheitsbrevet blir òg lagt ut på nettsidene. Fleire artiklar frå nyheitsbrevta til Kulturrådet vart vidareformidla i eksterne media.

## **www.kulturrad.no**

Nettsidene er ein viktig reiskap for å kommunisere verksemda ut i ålmenta. Nettsidene inneheld søknads- og verksemdsinformasjon, tilskotslister, redaksjonelle nyheitssaker, kalender, rådsreferat og presseklipp med innslag frå eksterne medium som omhandlar Kulturrådet. Rapportar, utgreiingar, årsmeldingar, strategi- og handlingsplan og statistikk er tilgjengeleg via nettsidene. Besøksstatistikk frå Google Analytics viser at nettsidene har hatt om lag 270 000 unike besøk i 2009. Gjennomsnittleg dagleg besøk ligg på kring 750, månadleg besøk på om lag 22 500.

## **Twitter**

I oktober 2009 oppretta Kulturrådet ein konto på den sosiale nettstaden Twitter. Her publiserast lenker til artiklar, pressemeldingar eller hendingar som vedkjem Kulturrådet. Per 31.12.09 var det publisert 34 innlegg frå Kulturrådet på twitter og det var om lag 300 personar som følgde oss.

## **Mediastatistikk Norsk kulturråd**

Statistikken i Atekst viser treff på Norsk kulturråd i 3 187 artiklar i 2009. Alle elektroniske presseklipp blir publiserte dagleg på nettsidene til Kulturrådet. Dette er

ein viktig del av formidlingsarbeidet til Norsk kulturråd, og viser kor og på kva måte Kulturrådet blir diskutert og korleis verksemda artar seg i medieålmanta.

### Norsk kulturråds årskonferanse 2009

Årskonferansen *Lokalt kulturliv i endring* vart arrangert i Arendal kulturhus den 18.–19. november. Konferansen inviterte til diskusjon om endringar i det lokale kunst- og kulturlivet i Noreg, kva og kven som er drivkreftene bak endringane og kva konsekvensar dette gjev. Tema bygde på Kulturrådets forskingsrapport og bok *Lokalt kulturliv i endring*, som vart lansert under konferansen. Nærare 350 kulturaktørar frå heile landet deltok på konferansen

### Norsk kulturråds ærespris

Kulturrådet har kvart år sidan 1968 delt ut *Norsk kulturråds ærespris* til ein person som har gjort ein vesentleg innsats for norsk kulturliv. I 2009 gjekk prisen til Mari Boine. «Mari Boine er en av Norges viktigste kunstnere. Hun har med sin bakgrunn i samisk kultur og tradisjon utviklet nye og sjangeroverskridende musikkuttrykk», heitte det i grunngjevinga frå Kulturrådet. Prisen var på 500 000 kroner og ei bronseløve av Elena Engelsen. Æresprisen vart delt ut under ein seremoni på Stratos i Oslo den 9. desember.

### Seminar 2009

Kulturrådet var arrangør eller medarrangør på desse seminara i 2009:

14. januar	EU-workshop for forlag, Litteraturhuset, Oslo	6. oktober	Sakprosaturné <i>Ikke bare skjønt!</i> , presentasjon av innkjøpsordningane for sakprosa og tidskrift, Bergen offentlige bibliotek
20. januar	Forskarseminar om <i>Lokalt kulturliv i endring</i> , Voksenåsen, Oslo	19. oktober	Sakprosaturné <i>Ikke bare skjønt!</i> , presentasjon av innkjøpsordningane for sakprosa og tidskrift, Trondheim folkebibliotek
15. april	Informasjonsmøte om innkjøpsordninga for ny norsk sakprosa, Kulturrådet, Oslo	23. oktober	<i>Barn i profesjonell kunst</i> , Danserisk Samtale under CODA-festivalen, Oslo
29. april	Lanseringsseminar for boka <i>På sporet av den tapte samtid</i> , Litteraturhuset, Oslo	3. november	Sakprosaturné <i>Ikke bare skjønt!</i> , presentasjon av innkjøpsordningane for sakprosa og tidskrift, Kristiansand folkebibliotek
19. mai	Informasjonsmøte om EUs kulturprogram og Nordisk Kulturfond, Norsk skuespiller-senter, Oslo	3. november	Sakprosaturné <i>Ikke bare skjønt!</i> , presentasjon av innkjøpsordningane for sakprosa og tidskrift, Stavanger bibliotek
4. juni	Seminar <i>Bedre sakprosa for unge lesere</i> , Forfatternes Hus, Oslo	10. november	Sakprosaturné <i>Ikke bare skjønt!</i> , presentasjon av innkjøpsordningane for sakprosa og tidskrift, Deichmanske bibliotek, Oslo
8.–9. juni	Arbeidsseminar om museumsforskning, Oscarsborgseminaret <i>Gjenstand – tekst og kontekst</i>	18. november	Sakprosaturné <i>Ikke bare skjønt!</i> , presentasjon av innkjøpsordningane for sakprosa og tidskrift, Drammen bibliotek
9. juni	Informasjonsmøte i samarbeid med Oslo kommune om lokale, nasjonale og europeiske kulturmidlar, Teaterbåten Innvik, Oslo	18.–19. november	Kulturrådets årskonferanse <i>Lokalt kulturliv i endring</i> , Arendal
11. juni	Lanseringsseminar av rapporten <i>Arbeidsvilkår blant kunstnere med innvandrerbakgrunn</i> , Litteraturhuset, Oslo	1. desember	Arbeidsseminar museumforskning, <i>Tekest og teori</i> , Oslo
24. juni	Informasjonsmøte om EUs kulturprogram i samarbeid med Bergen kommune, Bergen	11. desember	Arbeidsseminar i samarbeid med ABM-utvikling for museum om europeiske tilskotsordningar, ABM-utvikling, Oslo
19. august	Informasjonsmøte om innkjøpsordninga for ny norsk sakprosa, Kulturrådet, Oslo		
29. september	Sakprosaturné <i>Ikke bare skjønt!</i> , presentasjon av innkjøpsordningane for sakprosa og tidskrift, Tromsø folkebibliotek		

# Forsking og utvikling

Kulturrådets avsetjing til FoU-verksemd var i 2009 på 2,2 millionar kroner. Kulturrådets forskings- og utviklingsseksjon (FoU) har ansvar for forsking, utgreiing og evaluering, i tillegg til intern og ekstern kunnskapsformidling og rådgjeving. FoU-prosjekta skal fange opp, undersøkje og analysere større saksforhold, tendensar og endringsprosessar i kulturlivet.

Hovudmålet for verksemda er å produsere og formidle forskingsbasert kunnskap både til Norsk kulturråd og til kunst- og kulturfeltet i vid forstand. Kulturrådet ser det som særleg viktig å stille krav til den forskingsfaglege kvaliteten, å betre rekrutteringa til forskingsfeltet og å fremje ei fruktbar arbeidsdeling mellom aktørane på feltet som har eit kunnskapspolitisk ansvar. Samla utgjør dette kunnskapsutvalget eit viktig grunnlag for dei fortløpande vurderingane Kulturrådet gjer av verkemiddel i kulturpolitikken.

Kulturrådet legg vekt på å gjere denne kunnskapen tilgjengeleg for ålmenta i form av bøker og rapportar i ein eigen skriftserie, seminar, konferansar og løpande dialog med eksterne miljø. På den måten ønskjer Kulturrådet å bidra til at den offentlege samtalen om kunst og kultur kviler på eit solid kunnskapsgrunnlag.

## FoU-prosjekt 2009

Forskningsprosjektet *Lokalt kulturliv i endring* starta opp i januar 2007, og vart lansert i Arendal med ei eiga bokutgjeving under Kulturrådets årskonferanse med same namn. Prosjektet har hatt som formål å undersøkje strukturendringar, økonomi og tenkjemåtar i lokalt kulturliv og forvaltning. Målet var å skaffe kunnskap om dei utfordringane kulturlivet lokalt og regionalt står overfor i vår tid. Arbeidet er utført av forskarar tilknytte Diakonhjemmets Høg-

skole og Norsk senter for bygdeforskning. I samband med prosjektet er det òg utført ei spørreskjemaundersøking i kommunane. Resultatet blir presentert i ein eigen publikasjon i 2010.

## Kunstnarar med innvandrabakgrunn

Norsk kulturråd har sett i gang eit forskingsprosjekt om kunstnarar med innvandrabakgrunn for å få auka innsikt i arbeidsvilkåra og moglegheitene deira. Telemarksforskings undersøking om aktiviteten og arbeids- og inntektsforholda blant kunstnarar frå 2008 fanga opp mange generelle trekk ved kunstnarbefolkninga i Noreg, men gav avgrensa kunnskap om kunstnarar med innvandrabakgrunn. Forskningsprosjektet *Kunstnarar med innvandrabakgrunn* skal bidra til å få fram eit breiare bilete av situasjonen for desse kunstnarane. Helene Egeland, forskar ved Diakonhjemmets Høgskole, gjennomførte første fase av prosjektet, der merksemda særleg vart retta mot kunstnarar innanfor litteratur og dans. *Arbeidsvilkår blant kunstnere med innvandrerbakgrunn – en forstudie* vart lansert på Litteraturhuset våren 2009. Andre fase av prosjektet skal fokusere på den framveksande gruppa av profesjonelle kunstnarar med minoritetsbakgrunn som er søkjarar eller potensielle søkjarar til støtteordningane i Kulturrådet.

## Museum og forsking (MusForsk) – samarbeid med ABM-utvikling

Norsk kulturråd har over ein tiårsperiode, blant anna i samarbeid med ABM-utvikling og Riksantikvaren, initiert prosjekt som har hatt som mål å styrkje faglegheita i og om kulturarvinstitusjonane. Eit uttalt mål har vore å bringe kulturarvinstitusjonane, forvaltninga og universitets- og høgskolemiljøa i kontakt og samhandling med kvarandre (jf. i St.meld. nr. 49 *Framtidas museum – forvaltning, for-*

*sking, formidling, fornying.*) Prosjektet *Museum og forskning – om samfunnsrolla til musea* har som formål å styrkje forskinga ved musea. I 2008–2009 vart det gjennomført eit pilotprosjekt med deltaking frå aktørar i dei relevante sektorane. Det vart tilsett ein prosjektkoordinator i 40 % stilling, og arrangert to arbeidsseminar, og sju museumsmiljø har fått stimuleringsmidlar til forskning frå prosjektet. Kulturrådet vedtok i 2009 ei substansiell løyving til prosjektet som sikrar vidareføring i 2010–2011.

### **Kulturelt mangfald i kulturlivet**

I samband med Mangfaldsåret 2008 tok Kulturrådet initiativ til eit bokprosjekt som hadde som mål å kaste lys over problemstillingar i forholdet mellom kulturpolitikken og det fleirkulturelle kulturlivet. Bakgrunnen for prosjektet var blant anna å samle og syntetisere innsikter frå dei evalueringane Kulturrådet har gjennomført på det fleirkulturelle området. Professor i sosialantropologi Odd Are Berkaak er ansvarleg for bokprosjektet. Boka skal gjevast ut i skriftserien til Kulturrådet.

### **Bok om sakprosa**

Professor i medievitskap Tore Slaatta er ansvarleg for eit forskingsprosjekt som følgjer opp perspektiva frå evalueringsrapporten om innkjøpsordninga for sakprosa (2008). Forskingsmaterialet frå den avslutta evalueringa skal takast i bruk i ei breiare undersøking kring sakprosaen i Norge. Forskingsprosjektet skal sluttførast våren 2010.

### **Evaluering av ordninga med basisfinansiering for fri scenekunst**

I løpet av 2009 vart det sett i gang ei evaluering av ordninga med basisfinansiering av fri scenekunst. Basisfinansieringa for fri scenekunst vart oppretta i 2007 for å skape betre arbeidsvilkår for frie grupper som over tid held eit særskilt høgt kunstnarleg nivå. Støtte blir gjeven for inntil fire år, og ordninga skal gje føreseielege rammevilkår for ein del av det frie scenekunstheltet.

Evalueringa vil særleg fokusere på om og korleis ordninga har bidrege til å styrkje arbeidsmogleghetene til tilskotsmottakarane. Korleis basisfinansieringsordninga fungerer i samspel med dei andre støtteordningane på feltet, blir òg eit viktig spørsmål. Evalueringa skal gjerast av Telemarksforskning og sluttførast våren 2010.

### **Evaluering av forsøksordninga for profesjonalisering av kor**

Ni kor har fått midlar frå ei forsøksordning for profesjonalisering av kor som Kulturrådet forvaltar. Stortingets mandat for forsøksordninga er å prøve ut produksjons- og formidlingsmodellar som kan bidra til å utvikle kormiljøa i Noreg. «Formålet med ordninga er å leggje til rette for profesjonalisering av utvalde kor gjennom samproduksjonar og ulike samarbeidsmodellar.» I tråd med Stortingets mandat er forsøksordninga innretta mot å profesjonalisere korfeltet gjennom ei styrkt satsing på eit utval av eksisterande kor. Evalueringa skal skaffe kunnskap om og erfaringar med ulike strategiar som kan bidra til ei utvikling av korfeltet. Sosiologen Mie Berg Simonsen er engasjert for å gjennomføre evalueringa. Evalueringa skal vere ferdig våren 2010.

### **Evaluering av NOTAM**

Norsk kulturråd sette i 2009 i verk ekstern gjennomgang/evaluering av NOTAM – Norsk senter for Teknologi, Akustikk og Musikk – på oppdrag frå Kulturdepartementet.

NOTAM er ein institusjon med ansvar for nyskapande arbeid med lyd – i komposisjon, forskning, utdanning og formidling. Verksemda arbeider særleg med nye medium og teknologi på musikkområdet. Evalueringa vart gjennomført av Telemarksforskning. I evalueringa blir det framheva at NOTAM, sett i høve til tilgjengelege midlar, har vore ein produktiv stad. Men det blir påpeika at det breie arbeidsfeltet NOTAM opererer på, inneber at organisasjonen ikkje har eit skarpt nok fokus og kan oppfattast som noko lukka.

### **Evaluering av prøveordninga med kulturkort for ungdom**

På oppdrag frå Kulturdepartementet sette Norsk kulturråd i 2009 i verk ekstern gjennomgang/evaluering av prøveordninga med kulturkort for ungdom. Kulturkort for ungdom skal gje ungdom billegare billetter til eit breitt spekter av kulturarrangement. Formålet er å få ungdom til å nytte seg oftare av kulturtilboda og å rekruttere nytt publikum. Prøveordninga med kulturkort for ungdom vart starta i 2006. Evalueringa vart gjennomført av International Research Institute of Stavanger – IRIS. Evalueringa gjev ikkje grunnlag for å slå fast at ordninga har ført til ein generell auke i bruken av kulturtilbod. Evalue-

ringa konkluderer med at ordninga berre i avgrensa grad har nådd måla sine.

## Publikasjonar 2009

FoU-arbeidet til Kulturrådet blir utforma på ein måte som gjer forskingsbasert kunnskap til eit nyttig og relevant verkty for Norsk kulturråd og for kulturlivet elles. Kulturrådet gjennomfører evalueringar av prosjekt som har fått støtte på over ein million kroner. Evalueringane gjev kunnskap om resultat og erfaringar frå forsøksprosjekt og fleirårige program som Kulturrådet har vore med på å finansiere. Publikasjonane blir gjevne ut i samarbeid med Fagbokforlaget. Dei er tilgjengelege både i trykt form og som filer som kan lastast ned frå nettsidene til Kulturrådet. Kulturrådet gav ut desse publikasjonane i 2009:

*Lokalt kulturliv i endring* av Olaf Aagedal, Helene Egeland og Mariann Villa.

Bygder og byar satsar i aukande grad på kultur. Kva blir kultur brukt til? Og kva gjer denne interessa og bruken med innhaldet i det lokale kulturlivet? Kulturlivet skal skape trivsel og fellesskap for dei som bur der og «setje staden på kartet». Boka handlar om kva som ligg bak denne nye interessa for kultur. Boka presenterer nærstudiar av kulturlivet i tre norske lokalsamfunn: Drammen, Storås og Kirkenes. Boka vart lansert på årskonferansen til Kulturrådet i Arendal.

*Arbeidsvilkår blant kunstnere med innvandrerbakgrunn – en forstudie* av Helene Egeland.

Rapporten er ein del av eit større kunnskapsprosjekt. Rapporten byggjer på kvalitative studiar av aktørar innanfor dansefeltet og litteraturfeltet, og peikar på at innvandrarbakgrunn både kan innebere mogleg-

heiter og avgrensingar i møtet med det norske kunstfeltet. Rapporten undersøker òg konsekvensen av ulike kvalitetsforståingar og drøftar om auka mangfald av stiluttrykk kan bidra til rekruttering til kunstfeltet

*På sporet av den tapte samtid* av Odd Are Berkaak, Ågot Gammersvik, Svein Gynnild og Inger Johanne Lyngø (red.)

I 2005 tok Norsk kulturråd initiativ til prosjektet *På sporet av den tapte samtid*. Femten museum har her samarbeidd i tre år med eit breitt spekter av tema knytte til samtid, som alle utfordrar dei etablerte praksisane og forteljingane til musea. Rapporten er ei artikkelsamling frå dette arbeidet.

